

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: Revidert investeringsplan 2010 -2013

Tal uprenta vedlegg: 0

Revidert investeringsplan 2010 - 2013

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet har ingen merknad til den reviderte investeringsplan slik den ligg føre.

Prenta vedlegg: Revidert investeringsplan 2010 -2013

Saksframstilling

Fylkestinget gjorde i budsjettet 2008/økonomiplan 2008-2011 vedtak om investeringar i skulebygg, kulturbygg, administrasjonsbygg, undervisningsutstyr, IKT, tannhelseutstyr og fylkesvegar.

Målet med ein slik samla investeringsplan var å kunne sjå alle investeringsområde i samanheng i høve til dei økonomiske rammer som skulle gjelde for økonomiplanperioden.

Stortinget har vedteke at riksvegnettet utanom stamvegane skal overførast til fylkeskommunane. Dette inneber at det må utarbeidast eit handlingsprogram som klargjer omfang, investeringsnivå og prioriteringar for veg- og ferjesektoren. Handlingsprogrammet må gå som eigen planprosess, og vert difor ikkje ein del av denne investeringsplanen.

Etter at investeringsplanen vart vedteken i desember 2007, har det vore ein vesentleg kostnadsauke innan bygg- og anleggsbransjen. Dette er avløyst av ei finanskrisa som trass i stopp i nybygginga, ikkje har medført nedgang i byggekostnadene. Det er forventa at ein får ei utflating av auken i byggekostnadene dei næraste åra.

Det er difor trong for å vurdere vedtekte byggebudsjett på nytt ut frå både endra kostnadsbiletet og planlagt byggeperiode for dei einsekkede prosjekta.

Sektorane har i tillegg meldt inn nye prosjekt, samt at fylkestinget har gjort vedtak som påverkar investeringsbehovet både for bygningar, teknisk infrastruktur og utstyr.

Alle prioriterte prosjekt skal ha kostnadsoverslag i laupande kroner, dvs at kostnadsoverslaga skal ta høgde for forventa prisvekst i byggeperioden. Prosjekt som ikkje er komne i løyvingssposisjon kan ha kostnadsoverslag i faste kroner. Det vil i så fall vere eksplisitt uttrykt kva kroneverdi som er lagt til grunn.

Grunnlag for prioritering

Følgjande prinsipp vert lagt til grunn for prioriteringane i investeringsplanen:

- Fullføre oppstarta prosjekt
- Gjennomføre prosjekt som følgje av pålegg frå offentlege styresmakter (helse, miljø, branntryggleik).
- Ta vare på eigedomsmassen for å unngå store meirkostnader som følgje av manglande vedlikehald. Akutte tiltak må gjennomførast snarast innanfor rammene gjeve i årsbudsjett og økonomiplan.
- Elevar, lærarar og andre tilsette skal ha tilgang til utstyr og hjelpemiddel som er tilpassa dei utfordringane samfunns- og arbeidslivet set.
- Framtidig opplæringstilbod må i størst mogeleg grad løysast innafor noverande bygningsmasse
- Prosjekt på opplæringssektoren må vurderast i lys av nedgangen i elevtalet i åra som kjem
- Samlokalisering av dei ulike avdelingane – opplæringstilboda – i vidaregåande skule må bygge på at dette gjev ei best mogeleg totalløysing både pedagogisk, sosialt, administrativt og økonomisk.
- Universell utforming - Gamle fylkeskommunale bygg bør innan rimeleg tid tilpassast funksjonshemma og nye bygg må tilretteleggast for funksjonshemma.

Punkta over samsvarar i stor grad med dei prioriteringane som er lagt til grunn i gjeldande investeringsplan (vedteken i fylkestingssak 59/07) og fylkestingssak 19/03.

Konklusjon

Den reviderte investeringsplan for perioden 2010 til 2013 vert lagt fram for Hovudsamarbeidsutvalet (HSU) her.

Etter handsaming i HSU skal den handsamast på nytt i leiargruppa den 8.6.09 før den går til politisk handsaming.